
Vår referanse 2020/58468-3
Dato 01.07.2020

Lars J Nå
Bleivegen 66
5776 NÅ

Ber om fjerning av salsbod ved fv. 550 - Nå - Ullensvang kommune

Bakgrunn

Me viser til melding til deg frå Statens vegvesen september 2019 om å fjerne salsbod ved kryss frå fv. 550 til fv. 5105 Reisetet. Vegvesenet fekk då stadfesta at boda innan frist vart fjerna. No har Vestland fylkeskommune fått melding om at salsboda er sett opp igjen.

Me kan ikkje sjå å ha fått søknad om å plassere den her, utan særskilt løyve frå vegstyremakta kan laus kiosk ikkje plasserast innafor byggegrenser.

Fjerning av salsbod

Me ser boda som trafikkfårleg og ikkje lovleg plassert i vegkrysset, den er innanfor byggegrense, den tek sikt og forbi-passerende som handlar i salsboda stoppar i krysset, dette kan gje trafikkfårlege situasjonar på staden. Med heimel i veglova § 30 og 36 * ber vi deg fjerne boda innan 1. august 2020. Om den då ikkje er fjerna innan frist ber underteikna vår drifts-entreprenør om å fjerne boda for Dykkar rekning.

veglova

**§ 30. Utan særskilt løyve frå vegstyremakta kan byggverk, her òg laus kiosk, opplag eller anna større innretning ikkje plasserast innafor byggegrenser som er fastsette i eller med heimel i § 29.*

**§ 36. Blir byggverk eller anna innretning som nemnt i §§ 30 eller 32 plassert eller endra i strid med det som er fastsett i eller med heimel i denne lova, kan vegstyresmakta krevje at innretninga skal takast bort, flyttast eller endrast. Den ansvarlege lyt då bere kostnaden, dersom han ikkje sjølv syte for å ta bort, flytte eller endre innretninga innan ein fastsett frist.*



Arkivfoto

Med helsing

Ann Kristin Nes
Leiar

Eva Sundal
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift